



Stappfull sal.

Det er ofte når ein oppsøker det ein ikkje gjer til vanleg, at ein får dei beste og finaste opplevingane. Det trur eg mange opplevde i kveld etter å ha vore på den internasjonale kulturkvelden i den stappfulle festsalen i Kulturhuset Husnes. Festen var ein knallstart på årets innsamlingsaksjon her i kommunen.



Stilfullt innslag av unge strykarar.

Svært gledeleg var det at så mange møtte opp og fekk ta del i denne stunda som hadde eit flott internasjonalt program. Oppmøte viste breidda og mangfaldet i Kvinnherad si befolkning, og det var ein god blanding av lokalbefolkning, flyktningar og andre innvandrar. Å delta i slike feststunder der mange kulturar møtest er heilt spesielt. Gledeleg var det også å registrera at heile Kvinnherad, også Uskedalen, var godt representert blant publikum.

Også ordførar Peder Sjo Slettebø glede seg storleg over det store frammøtet og mangfaldet i det. Han helsa alle velkommen til festen og starten på innsamlingsaksjonen, med ei rekkje flotte born sitjande framfor seg på scenekanten. Det var strykarar i kulturskulen sitt Orkester 2. Dei stod for første musikkinnslaget som konferansier Nils Trygve Markhus annonserte, og dei var med og gav festen ei stilfull opning under leiing av læraren sin, Olena Pasichnyk.

Etter dette innslaget kunne publikum forsyne seg av eit rikholdig buffè. Her var det i tillegg til norsk mat deilige og spennande rettar frå alle verdens kantar. Noko forsøk på bilde vart det ikkje, for buffèbordet strekte seg mest langs heile vidaugveggen.



Opningshelsing ved ordfører Peder Sjø Slettebø

Anas frå Syria og Husnes mottaksenter fortalde ved hjelp av bilete oss om heimlandet sitt som han og familien hadde måtte flykta frå. Eit gripande innslag, og det var nok mange som tenkte på dette flotte landet, og så mykje herja og øydelagt det hadde blitt, etter føredraget hans. Etter dette heldt Vidigdis Gammelsæther appell. Med engasjement, kunnskap og erfaring frå internasjonalt hjelpearbeid i mange konfliktområde var det ein sterk og gripande appell. Desse to innslaga minna oss tydeleg om det viktige i det internasjonale hjelpearbeidet, og at slike bidrag som vi gjev gjennom mellom anna TV-aksjonen, er svært viktige.

Ein flott filippinsk blomsterdans vart framført av fire damer. Eit innslag vart sett stor pris på, før kvelden vart avslutta med to musikkinnslag. Først ute var Diani Garcia frå Mexico. Ho imponerte og trollbatt publikum like mykje som då ho 'tok Uskedalen med storm' på Stemneplassen på forsommaren 2014. Etter Diani entra ein kvartett samansett av Aila(piano), Abdulhai(trommer) og Yasir(gitar) frå Irak og Egil Vaage(fele) scenen og framførte tre songar. Den første var ein nasjonal song som betyr spesielt mykje for folket i Syria. På denne var 7 ungdommar frå Syria med og song. Ein av desse var Bashar som bur på Stølen her i Uskedalen. Det var ei svært flott framføring, og for underteikna var kanskje dette det mest gripande innslaget denne kvelden. Ein fantastisk kveld! Ein svært gjevande kveld for dei nær 400 frammøtte.

Laurdag mellom kl.11 og 13 inviterer Røde Kors og Tine melk til vennskapsfrukost same stad. Der vil vi mellom anna få høyra Aila og Abdulhai Kordo fortelja om turen med hjelpesending dei hadde til Syria. Det vil eg ha med meg, og eg håpar at vi vert mange då og.



Med engasjement og innhald framførte Vigdis Gammelsæter ein appell som rørte mange.



Flotte filippinske damer er klar til dans.



Blomsterdansen.



Diani imponerer meg alltid med songen sin.



Gripande arabisk sang. Bashar nr.2 f.h.



Ungdommar frå Syria syng flott.



Anas frå Syria heldt eit gripande føredrag til bilde og musikk.



Kona til Anas, Shanaz, og barnet deira, har endeleg fått den gledelege meldinga om opphald etter lang ventetid. Her saman med fetteren Mazen.



Fem nye Kvinnheringar.



Lina prest kosa seg i den store flokken.



[Eit døme frå det varierte og spennande matbordet.](#)

Tekst og nett Thor Inge Døssland

Foto: Ragnhild Røstbø og Thor Inge Døssland